

## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	<b>Torsdag 28.01.21</b> <b>SU kl. 18-20</b>	Stad:	<b>Digitalt møte på Teams</b>
------------	--	-------	-------------------------------

### **Desse var kalla inn:**

Birte Berge Antvedt	Foreldrerådet, leiar FAU
Christine Brogstad	Foreldrerådet, nestleiar FAU
Lisbeth Kvalheim	Undervisningspersonalet
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet
Monica H. Sæle	Andre tilsette
Hege Misje	Kommunal representant, politisk
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor

Sak nr.	
---------	--

<b>13-20/21</b>	<b>Saker frå FAU:</b> <p><b>17. mai</b>          FAU håpar at det let seg gjere å gjennomføre ordinært program på skulen 17. mai. Det er smittesituasjonen og gjeldande retningslinjer som vil avgjere kva som vil vere mogleg. Det vil vere naudsynt å ha ein plan B, dersom ein ikkje kan arrangere på ordinært vis. Det er 3. trinn og 5 .trinn som har eit særansvar for gjennomføring. Det blir oppretta ein 17.-mai-komitè.</p> <p>Leiar i FAU etterlyser skriftleg informasjon om rutinar og organisering av tidlegare 17. mai-arrangement. Her blir det viktig å ta kontakt med representantar i tidlegare FAU som har hatt ansvar for gjennomføring.</p> <p><b>Orientering om manglar etter utbetring av vegen i Landrodalen</b>          Leiar av FAU har vore i kontakt med Therese Borgen Skårnes (einingsleiar for samferdsle og trafikksikring i Øygarden kommune). Det blir sett opp rekksverk/autovern der støypekanten ikkje er tilfredsstillande. Driftsavdelinga i kommunen skal vurdere om det også</p>
-----------------	---

	<p>er behov for andre tiltak, t.d. vedrørende problemstilling med overvatn i veibana.</p> <p><b>Parkering i bussløyfa og på plass merka for handikap</b></p> <p>Det er diverre framleis ein del som brukar bussløyfa til parkering, sjølv om alle har fått SMS om dette. FAU ønskjer at ein på ny sender ut informasjon om dette. Skulen har ikkje trua på at fleire meldingar ut til alle er løysinga. Personale vil prate direkte med dei det gjeld når ein er i situasjonen. I høve trafikktryggleik er parkering i bussløyfa mest kritisk ved skulestart og skuleslutt. Ved levering og henting på SFO vil det ikkje vere mykje trafikk og elevar tilstades, men vi tilrår likevel at ein nyttar parkeringsplassen dersom ein treng å gå frå bilen for å hente barnet.</p> <p>Fau påpeikar at det har vore feilparkert på HC-plassane, og at det må informerast ut om denne problemstillinga. Skulen seier at det enkelte dagar kan ha vore feilparkert på dei to plassane som er merka HC-plass. Med snø og is på parkeringsdekket har det vore vanskeleg å sjå merka i asfalten, dette er no utbetra. Skulen har sendt ut sms til alle føersette om at desse plassane er reservert for HC-parkering. I tillegg har skulen vore i kontakt med samferdsleavdelinga, og desse plassane vil bli merka med skilt.</p> <p><b>Ressursbank/nettsider</b></p> <p>Det blir stilt spørsmål om det kan vere lurt å samle ulike ressursar/lenker som er aktuelle for føersette å gå inn på? T.d. informasjon om ulike hjelpestilbod, nettvett og liknande. Dette må vi drøfte meir i neste møte.</p>
14-20/21	<p><b>Saker frå elevrådet:</b></p> <p>Leiar av elevrådet informerer om at møtet vart utsett. I neste elevrådsmøte vil dei avgjere kva dei skal kjøpe inn for pengane som FAU bidreg med. Dei vil også drøfte namn på eige konsept som skal erstatta Trivselleiarprogrammet.</p>
15-20/21	<p><b>Budsjettforslag - ressursar og krinsgrenser:</b></p> <p>I referat frå politisk møte i haust stod følgjande: «kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak som vurderer justering av krinsgrensene i lys av skulestrukturen i nordre del av den nye kommunen. Prosessen må følgje forvaltningslova sine krav til høyringsrunde før vedtak. Øyene Misje og Turøy har kort avstand til Toftøy skule. Toftøy skule har ledig kapasitet. Ågotnes og Landro er eit område med høg folkevekst».</p> <p>Før jul vart det fatta vedtak om at denne saken skal utgreiaast. Saken kjem opp i mars/april. Som ein del av prosessen blir det ein høyringsrunde. I den fasen er det viktig at både FAU, SU og elevråd uttalar seg. Endring av krinsgrenser må sjåast i eit heilskapeleg perspektiv, med skulebruksplan og konsekvensutgreiing.</p> <p>Vi drøfta også forslaga om nedskjeringar til spesialundervisning og assistent/fagarbeidar i skulen. Det blir spanande å sjå kva</p>

	<p>konsekvensar varsla nedskjeringar vil ha å seie for tilbodet til elevane. Det viktigaste er at kvar skule har ein grunnressurs som gjer at ein kan drive forsvarleg, samt skjøtte lovpålagte oppgåver. Som tidlegare drøfta har Landro skule relativt mange elevar som treng individuelt tilrettelagte tilbod for å oppleve gode skuledagar. For å oppretthalde eit godt tilbod for desse elevane, er vi avhengig av tilstrekkelege ressursar både til spesialundervisning og støtte i form av assistent/fagarbeidar.</p>
16-20/21	<p><b>Samarbeid og samhandling i nærområdet.</b></p> <p>Birte har vore i kontakt med leiar av FAU på Ågotnes. FAU-leiar Ågotnes var positiv til eit samarbeid og skulle drøfte dette vidare i FAU.</p> <p>Frihuset på Ågotnes sine aktivitetar for ungdom er mykje «på nett» for tida grunna Covid-19. Dei har ein juniorklubb som vanlegvis er open annankvar veke for mellomtrinnet. For å få til eit tverrfagleg samarbeid i vårt inntaksområde og Ågotnes-området er det relevant å koble på Frihuset.</p> <p>Til neste møte vil rektor ta kontakt med SLT-kontakt i kommunen for å drøfte evt. samarbeid.</p>
17-20/21	<p><b>Avvik skuleskyss Landro – Misje/Turøy</b></p> <p>Det har over tid vore gjentakande avvik der elevar har blitt sett av på feil side av vegen i 80 sona på Misje. Dette har resultert i at elevar ved fleire høve har måtte kryssa hovudvegen. Vi diskuterte denne saken grundig. Skulen og føresette må kunne stole på at elevane kjem seg trygt heim frå skulen. Skulen har kvar gong avvik er meldt inn vore i kontakt med operatør eller Skyss. Vi har fått lovnad om at det ikkje skal skje igjen, men nye avvik har oppstått. Det blir viktig at operatør tek ansvar og løyser det på forsvarleg måte dersom bussen skulle køyre for langt fleire gonger, anten ved at elevar gløymer å trykkje på stopp eller at sjåfør gløymer å stoppe på nordre stopp. Løysinga kan ikkje vere at elevar må kryssa hovudveg på eigenhand på returnen. Elevane må tilbake til hovudsuplass for å vere på riktig side av vegen.</p> <p>Skulen, FAU, Tide og Skyss har gjennomført møte med fokus på tiltak 22.01.21. Nytt møte blir gjennomført 05.02.21, då skal også representant frå samferdsleavdelinga delta.</p> <p>FAU leiar informerer om at det blir jobba aktivt med å få til trafikksikringstiltak på hovudvegen på Misje. Det har lenge vore ønske om både lysregulering og redusert fartsgrense, men utan at det ligg føre nokre konkrete planar og prioriteringar på noverande tidspunkt.</p>
18-20/21	<p><b>Ny avtale vedr. hentepllass for minibuss på Misje frå hausten av</b></p> <p>Skulen er i dialog med samferdsleavdelinga i kommunen. I samband med nye brøytekontraktar som skal ut til neste år, har samferdsle starta arbeidet med opprydding i dei ulike brøyterodane i kommunen.</p> <p>Då Misje-elevane vart flytta til Landro skule vart det laga ei midlertidig avtale om at elevane kunne hentast med minibuss nede ved den private kaien på Misje, for så å bli køyrt bort til bussnuplassen rett før</p>

	<p>krysset ut på fylkesvegen. På informasjonsmøtet med føresette var det fokus på at elevane ikkje skulle måtte gå lengre enn det dei måtte gå før, altså til Misje skule. Utfordringa med dagens løysing er at vegen ned på kaien er noko bratt, og samferdsle meiner det er tryggare for elevane å bli henta på parkeringsplassen til gamle Misje skule. Avstanden mellom avkjørsla til kaien og bort til p-plassen ved skulen er 230 meter.</p> <p>Samferdsle har forståing for at ei slik endring må informerast om på ein god måte til både føresette og elevar, og føreslår difor at endringa vil skje frå hausten av. Samferdsle vil ut denne våren ha vintervedlikehald ned på kaien slik som i fjor. Skulen vil i løpet av våren informere og vere i dialog med føresette og FAU om endringa.</p>
19-20/21	<p><b>Blokking av enkelte nettsider på Chromebook</b></p> <p>Skulen har vurdert at det er behov for å stenge ulike nettsider på CB for elevane. Dette fordi enkelte elevar går inn på spel og nettsider både i timane og heime. Vi ønskjer å stoppe unødvendig bruk av skjerm på skulen. Dette til orientering.</p>
20-20/21	<p><b>Utviklingssamtaler og foreldremøte våren 2021</b></p> <p>Utviklingssamtalane blir gjennomført i veke 11 og 12. Smittesituasjon og gjeldande retningslinjer vil styre om dei blir gjennomført fysisk eller digitalt.</p> <p>Då mange av dei fysiske møtepunkta føresette har med skulen må utgå grunna koronasituasjonen, har plangruppa drøfta at det både kan vere behov for og ønskjeleg å gjennomføre foreldremøter i april/mai. Igjen er det smittesituasjon som vil avgjere korleis vi løyser dette.</p>
<b>Neste møte i SMU/SU: 11.03.21 kl. 18-20</b>	
<i>Referent:</i> <i>Anita Vabø</i> <i>Rektor</i>	